

Det kongelige kommunal- og distriktsdepartement
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

REVISJONSUTTALE – Modalen kommune – Rapportering vedrørende trekk i rammetilskot for konsesjonskraft

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 «Avtalte kontrollhandlingar». Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdere at oppgitte tal i kommunen si rapportering er i samsvar med retningslinjer som går fram av brev til kommunane, datert 14. oktober 2022, ref 22/6555-2.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

1. at mengde og beløp som er oppgitt i rapporteringa er i samsvar med avtaler, kommunalt vedtak og/eller anna dokumentasjon.

Vi rapporterer våre funn nedanfor:

1. Kontrollert mengde/volum og pris
 - a. Oppgitt volum på 9,6 GWh i punkt 1 er kontrollert mot avtale mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag om Salg av konsesjonskraft 2021-2024.
 - b. Oppgitt total volum 9,6 GWh i punkt 5 er kontrollert mot avtale mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag om Salg av konsesjonskraft 2021-2024.
 - c. Oppgitt pris på 3,75 øre/kWh i punkt 1 er ikkje spesifisert i avtale og kan ikkje bekreftast. Pris er berekna ut i frå anslått verdi. Anslått verdi er berekna av kommunen på bakgrunn av avtalen mellom Modalen kommune og Modalen kraftlag om Salg av konsesjonskraft 2021-2024. Oppgitt pris er vurdert til å vera oppgitt til beste estimat.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av rekneskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er berre utarbeidd for det føremålet som er omtala i første avsnitt i denne rapporten og skal ikkje brukast til anna føremål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Det kongelige kommunal- og distriktsdepartement og kommunen.

Isdalstø, 1. desember 2022

Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker
Revisjonssjef

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Janne Eraker

Partner

Serienummer: 9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2022-12-01 09:51:22 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>